

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat etter soknerådsmøte nr 02/2026

Dato/tid: onsdag 11 februar 2026, kl. 18

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Tilstades: Trygve Baggegård Myrlid, Sveinung Toreid, Maria Eide Sørheim og Eli G. Torsnes.

Forfall: Ingebjørg P Grøtt og Ida Sofie Håheim

Denne gongen var ingen vararepresentantar kalla inn.

Frå staben: Arne Opsahl-Engen var med på siste delen av møtet

Saksliste

10/2026	Godkjenning av saksliste og innkalling. Saklista og innkallinga vart godkjent.
11/2026	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 01/2026 Referatet vart gjennomgått og godkjent.
12/2026	Fasteaksjonen – planlegging. Maria E Sørheim og Arne Opsahl-Engen tok på seg å organisera dette. Fasteaksjonen vert gjennomført måndag 23.mars 2026. Offeret ved gudstenesta 8.mars skal gå til fasteaksjonen dette året.
13/2026	Årsmelding for 2025. Trygve B Myrlid har byrja på årsmeldinga for 2025. Årsmøtet vert halde etter gudstenesta 8.mars 2026. Når årsmøtet er gjennomført, vert det halde møte i soknerådet. <u>Alle medlemene</u> i soknerådet vert oppmoda om å møta på årsmøtet i Jondal sokn. Det oppsette møtet 11.mars 2026 vert altså flytta til 8.mars 2026. Trygve B Myrlid skal tinga kake til kyrjekaffien på årsmøtet.
14/2026	Nytt lydanlegg i kyrkja – status så langt. Sidan sist møte i soknerådet er det avklart at Fellesrådet vil dekkja utgiftene til oppgradering av lydanlegget (utan teleslyngje) i Jondal kyrkje. Trygve B Myrlid har vore i kontakt med fleire firma om pris på dette. Han har også fått nytt pristilbod frå Arild B Nielsen. Prisane frå dei ulike leverandørane varierer lite. Soknerådet tilrår å takka ja til tilbodet frå Arild B Nielsen. Trygve B Myrlid held kontakt med kyrkjevevja vidare i denne saka.

15/2026	Nytt kjøkken - status. Etter sist møte i soknerådet har kyrkjeverja vore på synfaring i kyrkja saman med Trygve B Myrlid, Maria E Sørheim og Sveinung Toreid. Ei ny løysing i dette arbeidet kan vera å gjera noverande kapell om til kjøkken og laga ei “innglasing” av området under galleriet på venstre side i kyrkja. Sveinung Toreid og Maria B Eide fekk i oppgåve å laga ein plan for dette prosjektet som fekk namnet “ Møteplass i kyrkja” Dei skal ha staben i kyrkja (prest, kontor og kyrkjetenar) som samarbeidspartnarar i dette prosjektet. Oppgradering av det opprinnelege dåpssakristiet vert sett på vent til det er avklart kva løysinga vert på dette prosjektet .
16/2026	Eventuelt . Soknerådet har fått brev frå Jondal Grendakor. Koret fyller 40 år i 2027 og har allereie byrja planlegga ei markering av dette jubileet. Koret søker om støtte til denne markeringa . Soknerådet er positive til å støtta koret, men ynskjer meir konkret informasjon om dei økonomiske rammene for denne markeringa.

Møtet vart heva kl 19.15.

Torsnes 12.02.2026

Eli Galtung Torsnes

Referent.